

FAU-møte Ulveset skule 18.9.2019. 20:00-21:50

Møtt: Rektor Cecilie Dahl. Foreldrerepresentantar: Cecilie Mangerøy, Carmenza Ulveseth, Stig Alvheim, Lene Habberstad, Margrethe Moldestad Hopland, Anja Ulveseth Heggen og Elen Elvebakk (ref)

Sak 1: Rektor presenterer seg sjølv og noko av arbeidet på skulen

Tilsett frå 1. august. Har mellom anna erfaring som lærar og avdelingsleiar i kommunen i fleire år, samt "rektorskulen". Sit i skulesjefen sitt strategiske team og Trygg i Fjell si kompetansegruppe. Har god kjennskap til utviklingsarbeid i skuleverket. Er veldig glad for å ha fått jobb som rektor på Ulveset skule, ser mykje gode ressursar her og har eit langsiktig perpektiv på arbeidet.

Fortel litt om digitale einingar i skulen. 3 og 4 trinn skal og bli digitale, men dei får ikkje samme type og vil heller ikkje få desse med seg heim på same måte som øvrige klassar.

Læringsmiljø er noko alle skular må jobbe med. Arbeidet som byrja før ferien skal halde fram, og blir no utvida frå ei mindre arbeidsgruppe til alle tilsette. Særleg fokus på klasseleiing.

Arbeid med nye fagplanar og nye læreplanar krev og innsats frå staben på skulen no.

Spørsmål frå foreldra om 1.klassingane har fått tildelt fadrar - rektor sjekkar.

Meistringsarena som blei laga til i fjor er framleis i bruk. Miljøterapeut Beate og Kathrine Rysje bemannar denne. Finst og andre muligheter for elevar som treng alternativ til konservativ undervisning, mellom anna "Kjelli'en" og Leite gard. Denne undervisningsforma er knytt til same læringsmål som øvrig undervisning.

Miljøterapeut Beate er utdanna vernepleiar og tilsett under Gangstøgarden. Ho er her på skulen tre dagar i veka. Ho underviser ikkje fag, men er rundt og snakkar med elevar, både einskild og i grupper, samt foreldre og tilsette. Hennar arbeidsområde er det psykososiale miljøet. Det er lærarar som via leiinga peilar henne inn på kven ho særskilt skal kontakte.

Sak 2: Diverse saker frå foreldre

Spørsmål frå foreldra om skulen reknar med å merke noko til kommunesamanslåinga: reknar ikkje med noko utover det som til no har vore knytt til påloggingar på digitale ressursar. Stram kommuneøkonomi vil prege heile kommunen, og skulen. I dette ligg og at ein ikkje skal bruke vikarar men driften skal uansett vere forsvarleg - rektor har ansvar for at ungane våre er trygge på skulen.

Foreldra er uroa for at td sløyd undervisning skal foregå utan material. Rektor kjenner ikkje til dette - skal sjekke opp.

Uroa for tryggleiken rundt parkeringssituasjonen, særleg no som det går mot mørkare tider. Noko har blitt gjort, meir kjem. Rektor tar dette vidare.

Ny vaktmeister er i opplæring no. Han har ansvar for Ulveset og Skålvik skule samt Ulveset barnehage.

FAU si kunstgrasgruppe hadde møte med kommunen ang grusbana 12.8.2019. Bingen skal oppgraderast litt, ellers ikkje særleg oppløftande møte. Referat frå møtet ligg i vedlegg.

Foreldra ber om å få attende stengsel slik at bilar ikkje kan køyre inn på grusbana - rektor melder til eigedomsavdelinga.

Overgangsfelt frå sør: ingen har ansvar for å følge opp trafikksikringsplanen. Ein må no søke fylkeskommunen om å få felt, Statens Vegvesen kan ikkje gjere meir. Tidlegare ordførar Marinne Sandahl Bjørøy har tatt ansvar for å følge opp , men uklart om saka no ligg til henne eller ny ordførar. Anja følg opp.

Klassekontaktmøter: Rektor ber forelddegruppa om innspel på at formelle klassekontaktmøter i nokre høve blir erstatta av tettare og hyppigare kontakt i andre kanalar. FAU er positive, det viktige er rask kontakt dersom ein har noko å diskutere, ikkje at kontakten skjer til sette tider.

Sak 3: 17.mai

Håper på større overskot enn i 2019.

Både FAU og dei ulike komitèane vil nyte godt av strammere regi fra FAU. Ønsker retningsliner for kor ein skal handle mat. Forslag om betre men færre leiker som premiar. Støtte komiteen i fakturaarbeid.

Kontakt mellom FAU-leiar og klassekontaktar på 3.trinn er allereie oppretta for 17.mai 2020.

Sak 4: Juleverkstad

FAU har ikkje pengar, skal vi likevel prøve å få til noko?

Einstemmig FAU ønsker juleverkstad, dato blir 5.desember.

Stig tar ansvar for å arrangere loddsal til inntekt for juleverkstaden.

Sak 5: Årsmøte

16.oktober er foreslått og vedtatt.

Sak 6: Møtehjul skuleåret 2019/2020

Onsdag 13.nov. Planlegging av juleverkstad

Onsdag 29. januar

Onsdag 25.mars

Onsdag 3. juni